


NR. 9

NOVEMBER 1985

18. ÅRG.



HELENA HAUGERUD '85

### Helgemessesøndag 3. nov.

*Jerusalem, du Herrens høge stad,  
Gud gjeve eg var der!  
Du er min lengt, du gjer mitt hjarta  
glad,  
eg søker inkje her!  
For over berg og dalar,  
høgt over denne verd,  
der ser eg dine salar,  
dit styrer eg mi ferd.*

Johann M. Meisner 1626/  
Arve Bratvoll 1976

### 1. desember: NY SALMEBOK I KYRKJENE



Ill. Inga Breivik.

Frå 1. søndag i advent vil vi ta i bruk den nye «Norsk Salmebok» i begge kyrkjene. På soknemøte i Ytre Arna kyrkje vart det vedteke 20. oktober med 63 mot 2 røyster, og som tidlegare meldt har Arna kyrkjelyd også gjort vedtak om dette.

Med det er Nynorsk Salmebok avløyst etter å ha vore i bruk i kyrkjene i nesten 60 år. På denne tida er det kome til mange nye salmar, og

Forts. side 14

**HUSK INNSAMLINGA TIL NYE SALMEBØKER**

## Mot målet?

I et skoleradioprogram nylig, ble det fortalt at forskerne nå mener å ha løst gåten om hvordan trekkfuglene kan finne veien over store havområder uten faste landemerker. Før trodde en at fuglene hadde et instinkt som fortalte dem i hvilken retning de skulle fly. Nyere forskning har vist at fuglene navigerer etter lysene fra himmellegemene, stjerner og planeter som de ser på himmelen i høstmørket.

I skoleradioen ble det sagt: I de senere årene har dette navigasjonssystemet fått katastrofale følger p.g.a. oljevirksomheten i Nordsjøen. — Når fugleflokken kommer utover havet, hender det at den tar feil av lysene på himmelen og lyset fra gassflammene på oljeriggene. De forandrer den opprinnelige kurs, flyr rett inn i flammene og brenner opp, eller slår seg til døde mot stål og betong.

Det gjorde et sterkt inntrykk å høre denne opplysningen. Tragisk var det å tenke seg at disse fugleflokkene som nå forlater landet vårt, skulle komme ut av kurs og ende på denne måten! Dernest ble det et slående bilde på hva som også kan skje med oss mennesker: — Vi kan bli så blendet av falske lys at vi kommer ut av kurs og bommer på målet! Det største havari vi kan gjøre, er å bomme på evigheten. Vi kan fokusere på lysende mål som i og for seg er bra nok: yrke, politisk karriere, hobby, venner, ja til og med kristelige aktiviteter, men som ikke kan bære oss gjennom døden til evigheten, hvis vi ikke samtidig har Han for øyet som er målet.


For å gi menneskeheten og det enkelte mennesket muligheten til en kurskorreksjon, satte Gud viselig sin største og mest vidunderlige stjerne på himmelen — inn i vår tid — for 1985 år siden.

JEG GLEMMER DET SOM LIGGER BAK  
OG STREKKER MEG UT ETTER DET SOM LIGGER FORAN  
OG JAGER FREM MOT MÅLET  
OG DEN SEIERSPRIS SOM GUD FRA DET HØYE  
HAR KALT OSS TIL I KRISTUS JESUS

(Fil. 3. 13-14)

Helgemessesøndag 3. nov.

Preiketekst: Joh. Openberring 21. 1-7.



## ARNA KYRKJEKOR 10 ÅR

— stor jubileumskonsert i Arna Kyrkje



Søndag 29. september var Arna Kyrkjekor 10 år.

Koret vart starta medan Solveig Tesdal var organist i Arna. Ho var såleis den første dirigenten koret hadde. Seinare har det vore skiftande dirigentar.

I jubileumsåret er det Erna Halvorsen som er dirigent medan Bjørg Hellesøy er formann.

Jubileet vart feira med fest for innbudte gjester lørdagskvelden.

Offentleg vart jubileet markert med ein stor konsert i Arna Kyrkje søndag 29. september.

Forutan jubilanten stod Fana


Kyrkjekor, Eidsvåg Kirkekor og Ytre Arna Kyrkjekor på programmet.

I tillegg deltok tidlegare organist i Arna, Paul Leithaug med orgelsoolo.

Programmet heldt fram med ein liturgisk del ved res.kap. Harald Sundsbø, før alle kora avslutta konserten med ein felles avdeling.

Konserten vart eit verdig farvel med dei ti første åra og ein god opptakt til dei ti neste. I denne tida vil gjerne koret ta imot nye medlemmer.


Vi ynsker tillukke med jubileet.



Korets dirigent, Erna Halvorsen (til v.) og formann Bjørg Hellesøy.



1 vannrett, 10 loddrett, 21 vannrett =  
nyttårsønske



**Vannrett:**




1. Sjokolade er ....
4. Må vi ha på hendene om vinteren
9. To like
10. Kommer når det er jul
11. Frosset vann
13. Tysk + k
14. Må vi betale av lønna
16. Mette, bakvendt
19. Har elgoksen
20. Guttenavn
21. 365 dager

**Loddrett:**

- 1.
2. Prinsesse
3. .... Tei
4. Klok
5. Røk
6. Ost, bakvendt
7. Drikk
8. ... to, tre
12. Skrap
15. Sjødyr
17. Guttenavn
18. Må vi ha når vi baker

NOE  
Å  
LURE  
PÅ

Rebus:



**REBUS:**

Skal vi kle oss ut?



Løsning på oppgave i  
forrige nr.

Verdensbarnedagen -85



På bildene ser vi fra venstre: Elisabeth, Birte, Silje og Hilde.

Ved å selge lodd og ha kafé, klarte barna ved Arna Kyrkjelyd sin barnehage å samle inn kr. 1.356., på verdensbarnedagen 7. oktober.

Loddene laget barna noen dager i forveien og det var stor stas å få selge dem utenfor barnehagen. Folk som gikk forbi var flinke til å kjøpe, og det var mange som gikk glade videre etter å ha vunnet en blomst, fruktkorg eller konfekteske. Gevinstene fikk vi forøvrig av foreldre og næringsdrivende i Arna.

Vi hadde kafé inne på hver av de to avdelingene slik at foreldrene kunne kjøpe seg en kopp kaffe og boller før de hentet barna hjem for dagen.

Betania Barnekor med heime week-end

Betania Barnekor er eit livskraftig kor for barn frå 3-årsalderen.

Koret heldt til i Betania på Lone og har øving kvar mandag frå 17.30 - 18.30.

Siste helga i oktober var koret samla i Bedehuset både lørdag og søndag. Det var den årvisse heime-weekenden som stod på programmet.




Forutan sang var det lagt vinn på å aktivisera barna med teikning, maling, bollebaking og liknande.

Søndag var det frokost for alle i koret og seinare var foreldre og andre inviterte til familiemøte. På møtet fekk ein vita litt om kva som hadde føregått på heimeweekenden. Ellen Fotland hadde andakt for barna og barnekolet sang.

Det var fin sang fra mange glade barnerøster som gledde alle som hørde på.

Kontaktperson for koret er formannen i styret Kjersti Nordanger som har telefon 24 00 58.

Kanskje kan heime-weekenden vera eit tips til andre som driv liknande arbeid i kyrkjelyden.



## Velkomen til kyrkjelydsskulen sin TEMA- OG SAMTALE-KVELD i november

Onsdag 20. november kl. 19.30 i Kyrkjelydshuset, Ytre Arna:

KVA VIL DET SEIA Å HA «OLJE PÅ LAMPENE»  
SOM DEI FEM KLOKE BRURMØYENE?

Trygve Helge Kleppstø innleier om tema. Etterpå samtalar vi over ein kopp kaffi/te. Ta med nistepakke! Te og kaffi vert servert. Ta gjerne også med Bibel eller Nytestamente.



Tema-kevdane er opne (inga påmelding), — og alle er velkomne!

Helsing

STYRET FOR KYRKJELYDSSKULEN

## KONFIRMANTLEIRSKULE

Den første delen av vår nye konfirmantleirskule er over og både konfirmantar og leiarar er godt nøgde med resultatet. Bilda viser nokre glimt frå opphaldet på Saghaug. Nederst ser vi dei to frivillige leiarane Siri Osland og Marianne Hydle som gjorde ein stor innsats under leiren.



## KORT SAGT

### Intervju med Trygve Fitje

— Hvor kommer du fra, Fitje?

— Jeg kommer fra Samnanger, hvor jeg bodde til jeg i 20 års alderen tok til med min utdannelse. Det var lektor jeg utdannet meg til.

— Når kom du til Arna?

— Til Arna flyttet jeg i 1971 da jeg ble pensjonert. Mitt siste arbeidssted var Porsgrunn. Jeg fikk høre at det var et hus å få kjøpt her i Vollavegen, og sammen med kona mi reiste vi og så på dette. Vi ferierte da i Samnanger så det var ikke så langt unna. Det tok oss bare 10 minutter å bestemme oss for huset, noe vi ikke har angret et øyeblikk på.

Etter at kona døde for noen år siden, har jeg bodd her alene.

— Hvorledes var det å komme ny til Arna?

— Å du vet det er alltid litt vanskelig med det samme en er ny på et sted. Alt er så fremmed. Ikke hadde vi telefon — noe vi savnet svært. Men snart fikk vi kontakt med naboene. Vi har vært heldige og hatt svært gode naboer hele tiden. De hjalp oss godt i den første tiden.

En ting undret meg i begynnelsen. Det var så mange ukjente som hilste så vennlig og ærbødig på meg. En frue påsto sogar at jeg hadde døpt barna hennes. Da kom det frem at jeg ble forvekslet med sokneprest Tesdal. Jeg måtte jo hjem og se meg i speilet, men fant ingen likhet.

Ellers må jeg si at folk her har vært lette å komme i kontakt med. Jeg trives godt i Arna.

— Hvorledes greier du deg alene?

— Å, det går fint. Jeg har en utmerket heimhjelp som kommer 1 gang i uken. Jeg bor heller ikke så langt fra mine. Mine 2 sønner med familier bor i Fana.

Dertil har jeg en god helse — selv nå når jeg er 83 år gammel. Det det nok har skortet en del på, er hørselen. Men jeg har fått teleslyng i huset og lamper som blinker når telefon eller dørklokke ringer. Dette har eldre, tunghørte rett til, men ikke alle er klar over det.

Både i kirken og bedehuset her er det lagt inn teleslyng så det er ikke vanskelig å følge med der heller. En behøver ikke å sette seg hjemme av den grunn. I det hele synes jeg at jeg har det godt og har grunn til å være takknemmelig.

### Fra side 11

noko av det tyngste som kan hende oss. Sorga er ei vandring, som vi treng all vår von og all vår livsevne for å gjennomføre. Forteljinga om sommarlandet vil kanskje verte til hjelp for nokon til å byrje på sorga si vandring — med håp.



Gi livet  
en sjanse

Postgiro 5 20 09 02  
Bankgiro 6029.63.25050

**KIRKENS NØDHJELP**

Underhaugsv. 15, 0354 Oslo 3

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døyppte

### Arna sokn:

- 01.09: Mats Thunes Hope. Døyppt i Birkeland kirke.  
15.09: Rune Andreas Småland. Døyppt i Gjerstad kirke.  
29.09: Marita Bøe, Veronica Haugland.  
06.10: Lene Beathe Faannessen, Marita Kjos Lode, Christer Brandsdal  
06.10: Veronica Taranger. Døyppt i Eidsvåg kirke.  
13.10: Christian André Hjelle  
20.10: Carina Haugsvær Skulstad, Kristin Dalland, Aleksander Nor Saghaug, Marius Langenes.



## Vigde

### Arna sokn:

- 19.10: Øystein Boge og Mona Kristin Boge.



## Døde

### Arna sokn:

- 16.09: Kjell Oddvar Jacobsen f. 1931.  
17.09: Kirsti Fosso Dalseth f. 1924.  
20.09: Ruth Møllerup f. 1896  
22.09: Gerd Hauge Fredriksen f. 1909.  
23.09: Anna Lekve f. 1908.  
02.10: Karen Grøttem f. 1912  
02.10: Dagny Hundhammer f. 1901  
06.10: Alfred Thunes f. 1920  
09.10: Reidar Martin Steinestø f. 1919.

### Ytre Arna sokn:

- 05.10: Petter Vatile f. 1915  
10.10: Rune Eriksen f. 1966  
16.10: Olav Helgås f. 1935

## Ofringar i Kyrkjelydane

### Arna sokn:

- 22.09: Kyrkjelydshuset ..... kr. 1.313.-  
29.09: Bergen Sundagsskulekrets ..... kr. 2.090.-  
06.10: Norges kr. student og skoleu.l. .... kr. 2.117.-  
13.10: Kyrkjelydsarb. .... kr. 1.251.-  
20.10: Norsk lærarakademi. .... kr. 1.574.-  
20.10: Ungdomskampanjen -85 ..... kr. 345.-

### Ytre Arna sokn:

29. 9: Bg. søndagsskolekrins ..... kr. 1.749.-  
06.10: Norea Radio ..... kr. 845.-  
13.10: Norsk Lærarakademi ..... kr. 1.115.-  
20.10: Bj. Bispedømeråd ..... kr. 894.-

## Kyrkjelydane sine bank/postgirokonti

### ARNA:

Arna sokneråd  
Boks 11  
5260 Indre Arna

Bank:  
8440.31.05006  
Post: 5779798

### YTRE ARNA:

Ytre Arna sokneråd  
P. Jebsensv. 39  
5265 Ytre Arna

Bank:  
3633.30.02625  
Post: 5935499

Kyrkjelydshus i Arna  
Vollavegen 45B

Bank:  
8440.21.04243  
Post: 3498995

Kyrkjelydshuset  
P. Jebsensv. 39  
5265 Ytre Arna

Bank:  
3633.50.75093  
5260 Indre Arna

Om nokon vil gje ei gåve til kyrkjelydsarbeidet kan desse konti brukast.

## Kateketen har ordet

Målfrid Sandvik



## Konfirmasjonstid på ein annan måte

– Dette var kjekt. Kunne vi ikkje hatt fleire leirar?

Det var konfirmantar som kom med desse uttalelsane etter den første konfirmantleirskulen midt i oktober. Både konfirmantar og leiarar hadde opplevd ei form for konfirmantundervisning som fungerte.

På timeplanen sto undervisningstimar, lesetid, gruppesamtalar/aktivitetar, måltid, kjøkenestete, friluftsliv, gudsteneste, leik og hyggesamvær. Og vi opplevde det meningsfylt å vera saman i alt dette!

Det er første gongen vi i Arna brukar konfirmantleirskule som arbeidsform i konfirmasjonstida. Tidlegare har vi hatt helgeturar som eit frivillig tilbod, og det har vi i år også. Men leirskule er noko anna. Dei konfirmantane som har valt leirskuleopplegget, får det meste av konfirmantundervisninga konsentrert til desse dagane i staden for på konfirmanttimar og gruppesamvær etter vanleg opplegg. Ein kan gjerne seia at dette er konfirmasjonstid på ein annan måte.

«Plan for konfirmasjonstida i Den norske kyrkja» nemner leirskulen som ei valfri arbeidsform. Nokre kyrkjelydar har hatt eit slikt tilbod i fleire år, med gode røynslar. Det mest vanlege er å ha ei leirskule-veke om sommaren. Då fylgjer ein gjerne terminen januar - september. Vi har valt å ha all konfirmantundervisninga innafor terminen september - mai, og ha to leirskule-opphald i staden for eitt. Såleis vert sjølv konfirmasjonstida den same for alle konfirmantane.

Vi trur at konfirmantskulen på ein

spesiell måte kan skapa eit miljø som dei unge opplever positivt, og som kan vera med å fremja det kristne fellesskapet. Leirskulen gjev gode høve til kontakt og sosialt fellesskap mellom konfirmantane og leiarar i kyrkjelyden. Fritid, undervisning, kameratskap, hygge og arbeid smeltar saman til ein naturleg heilskap. Der lever konfirmantar og leiarar saman heile tida og opplever kvarandre i vidt forskjellige situasjonar. Dette skulle også gje ei god ramme for undervisninga.

Vi prøver dette i år. Så får vi vurdere om vi vil satsa på eit liknande opplegg neste år. Røynslene er no i alle høve gode.

## Unge vaksne

### Kor

*Nytt kor for sangglad ungdom over 18 år.*

*Øving i Arna Kyrkje kvar tirsdag kl. 19.00.*

*Vi er enda for få, og tar derfor gjerne imot nye medlemmar.*  
**VELKOMMEN.**



**Havet består  
av dråper...**

Postgiro 5 20 09 02  
Bankgiro 6029.63.25050

**KIRKENS NØDHJELP**

Underhaugsv. 15, 0354 Oslo 3

## Møte

### TUNES BEDEHUS:

- 12-15/11-: Møteveke kl. 19.00. Talar Leiv Nesheim.  
21/11: Møte kl. 19.00  
01:12: Sang og musikk møte kl. 17.00 v/fam. Terje Erdal Andakt v/ Ingmar Ljones.  
05/12: Møte kl. 19.00 v/ Olav Hesjedal.

### ARNA BEDEHUS:

- 14/11: Bøne- og vitnemøte kl. 19.30.  
17/11: 60-årsfest for I.A. Indremisjon kl. 17.00 v/H. Røykenes.  
21/11: Bøne- og vitnemøte kl. 19.30.  
24/11: Kyrkjelydstreff.  
28/11: Eldretreff kl. 17.00.  
1.12: Familekaffi v/Ungdoms- nemnda kl. 17.00.  
05.12: Medlemsmøte i Indremisjonslaget.  
Harald Eide: Venesamfunnet kl. 19.00.

### BETANIA LONE:

- 14/11: Haukeland Indremisjon.  
17/11: Haukeland Indremisjon  
21/11: Nattverdmøte.  
24/11: v/ Misjonssambandet.  
28/11: Betania Ungd.for.  
30/11: Ungdomskveld  
01/12: Betania Ungd.for.  
05/12: Haukeland Indremisjon.  
07/12: Laurdagssamling kl. 16.00.

### YTRE ARNA BEDEHUS

- 16/11: Møte kl. 19.30 v/ Kåre Nyhavn.  
17/11: Familietreff kl. 16.00.  
26/11- Møteveke. Audun  
01/12: Myksvoll.

## Misjonsfest i Ytre Arna

«Misjonens år i Bjørgvin» går no mot slutten. Det vil ikkje seia at arbeidet for misjonen tek slutt, men det skulle vera ein inspirasjon til sterkare engasjement for misjonsarbeid.

I Ytre Arna vil vi arrangera ein misjonsfest på Ytre Arna bedehus søndag 24. november kl. 18.00. Det vert i samarbeid med dei misjonsorganisasjonane som samarbeidar om «Misjonens år» og vikarprest Helge Helgesen, ordinert som misjonsprest og misjonærson frå Madagaskar vil tala og ha andre innslag på festen. Alle er velkomne.

## Lysmesse - 1. desember

Første søndag i advent er tida for lysmesse. Der vil konfirmantar ta del, og det er ei stemningsfull og fin gudsteneste i starten av adventstida. Lysmessene vert kl. 19.00 i begge kyrkjene. På Unneland vert lysmessa kl. 16.30 same dagen.

## Bruk av søndagen

Det er mange meiningar om hva som er best bruk av søndagen. Derfor snakker vi mye om misbruk av søndagen. Vi bør også være opptatt av det, ikke minst vårt eget misbruk. Men det som burde oppta oss enda mer enn misbruket, er bruken av hvile- og helligdagen. Først og fremst skal søndagen være den dagen, da vi kobler til «D.v.s. hører og leser Guds ord. Rett bruk av søndagen blir det ikke, før du har sørget for det. Det betyr konkret at regelen må være å gå til møteplassen – som regel kirke eller bedehus ... Hvis vi blir opptatt av bruken, så vil den enkelte lettere finne ut hvor dan en skal «koble av» på søndag. Noen foretrekker friluftsliv, familiehygge, sykebesøk mens andre rett og slett vil hvile. «Å koble ut», kutte ut å høre Guds ord, det er i alle fall misbruk av søndagen.

(Gunnar Husan)

# NYE SOKNERÅD 1986-89

Valet på nye sokneråd gav dette resultatet:

### ARNA SOKN:

Leif Grøteide  
Erling Osland  
Anne Karin Hageberg  
Kjartan Hollekve  
Dagny Midtun  
Jostein Monstad  
Gunn Olaug M. Kvalvåg  
Turid Vie  
Ellen Øgaard  
Svein Mjelde

### Varamedlemmer:

Stein Arne Ystheim  
Johanne M. Berge Larsen  
Odd Kjos  
Egil Tunes  
Hilde Rohde

### YTRE ARNA SOKN:

Nils Kåre Olsen  
Eli Mohn  
Martha Skadal  
Johan Stein  
Birgit Askeland  
Gunnar Leikvoll  
Sollaug Damminger  
Ingrid Romslo

### Varamedlemmer:


Svein Molvik  
Svein Solsvik  
Marianne Hydle  
Thor Nævdal  
Helga Eide

Det var 57 som røysta i Ytre Arna og 116 i Arna. I Arna var det ein nedgang i røystetalet sidan sist, medan det i Ytre Arna var ein ikkje liten auke. Sokneråda vil seinare konstituera seg, og vil ta til med arbeidet frå årsskiftet.

## SOMMERLANDET - ei forteljing om håp

Ei av dei nye bøkene i haust, er Sommerlandet med tekst av Eivind Skeie, illustrert av Anders Færevåg. I innleiinga til boka, seier Eivind Skeie:

Det at eit barn døydde, er grunnlaget for at denne forteljinga vart skriven. Når den med dette blir gjort tilgjengeleg i bokform, er det mitt ynskje at den må kunne vere til hjelp for familiar som vert ramma av liknande situasjonar. Døden gjer oss alltid sårbar. Å miste eit barn ved ulukke eller sjukdom, er



Forts. side 7

Rune Larsen:

## Han er min sang og min glede

Stemmen i telefonen virket trett.

— Er det Rune Larsen?

— Ja, det er det! sa jeg og prøvde å virke oppkvikkende på mannen i den andre enden.

— Er det noe jeg kan hjelpe med?

Jeg håpet han kunne høre at jeg var blid og vennlig.

— Ja, jeg ville spørre om du kunne syng i min datters begravelse.

Liten munterhet i begge ender.

— Hallo, er De der?

Den trette stemmen var der igjen.

— Ja, ja, jeg er her, svarte jeg, mens tankene surret rundt i hodet. Jeg så meg selv stå på galleriet sist jeg sang i en begravelse. «Ikke en spurv til jorden ...» Det hadde holdt hardt. Siste verset var følt å komme igjennom. Ikke for det at det var så viktig hva jeg maktet i den situasjonen, men man vil jo ikke gjøre det vanskeligere for de etterlatte. Gråtkvalt sang fra galleriet er ikke oppbyggelig for noen, og jeg er svak i slike sammenhenger.

— Min datter døde i går, fortsatte mannen — Hun var bare sju år gammel.

Han sa det så rolig. Det var jeg som hadde problemer med stemmen. Ikke han.

— Hvilken sang tenkte du på? sa jeg.

— Han er min sang og min glede.


Til min forskrekkelse hørte jeg meg selv si: — Ja, men den sangen passer da ikke i en begravelse.

Utrolig lite sensitivt.

— Min datter var så glad i den sangen, fortsatte mannen tålmodig, — og for meg har det vært en trøst disse to dagene.

Sangen vi hadde brukt på alle lovsangkvelder. Sangen jeg forbandt med smil og glede — i en begravelse.

— Teksten har gitt meg håp, fort-



satte mannen, nesten som om han visste hva jeg tenkte på.

— Men teksten handler jo om glede, innvendte jeg spakt.

— Nei, den handler om å være i Jesu hender til livets slutt.

Ja, det var jo sant det, det var bare ikke den meningen sangen hadde hatt for meg.

— Det siste verset er det viktigste!

Nå siterte han sangen for meg også: «Etter den ytterste dagen, I det nye Jerusalem. Jeg bøyer meg da framfor Jesus og Han sier: *Velkommen hjem*».

— Forstår du hva jeg mener.

Ja, jeg forsto, og selv om jeg ikke hadde forstått, ville jeg nok ikke fortsatt noen diskusjon over emnet. Verken tid eller sted var egnet. En mann som hadde mistet sin sju år gamle datter, hadde sikkert annet å gjøre enn å fortelle en ung gospel-sanger hva den mest kjente lovsangen hans egentlig gikk ut på. Jeg lærte noe den dagen.

spn BVD taks om ho har adrekket Om julij — Ring Johannes Nævdal gspn et Kare Nævdal si adr (Ytre Arna) Ein opplepn s spn et Thor Øhmann. Ring Hjordis Veve 2 spn et Haldis Gjønn

Forts. fra side 12

Lenge etter at røret var lagt på, satt jeg og tenkte på det mannen hadde sagt. Han hadde fortalt meg hva det kristne håp egentlig handler om. Døden bør jo ikke komme som noen overraskelse på noen av oss. Den er like sikker som livet. Det fantastiske er jo at døden ikke lenger har absolutt makt. Døden er beseiret! Det er jo det som gir grunn til lovsang. Er det et mer egnet sted å syng vårt triumferende seiersvers enn i en begravelse? Jesus sprengte dødens lenker da han kjempet — og vant — i dødsriket. «Livets slutt» her på jorden, er ikke det endelige teppefall.

Faren som ringte, hadde nok opplevd at sorg og lidelse var en del av livet på denne siden av døden. Han ble

ikke overrasket av den grunn. Gud har jo ikke lovet sine barn et liv uten problemer, uten sorg og uten lidelser. Tvert imot! Men det han har lovet, er hjelp gjennom problemene, gjennom sorgen, gjennom lidelsen.

Gud kan beseire alt, fordi han er den sterkeste. Og selv om vi her i dette livet synes å tape noen slag i kampen mot satan, så vil vi vinne den endelige seier. Det er det som gir grunn til glede.

Det er ingen steder «Han er min sang og min glede» passer bedre å bli sunget enn i en begravelse.

Fra boka «Steg for steg»

Land og Kirke/

Gyldendal Norsk Forlag



Frå v.: Kåre Nævdal, Arthur Mikkelsen, Haldis Gjønnnes, Johannes Romslo, Hjordis Veve, Thor Øhmann og Ragnar Frantzen.

## 50-års konfirmantar i Ytre Arna

Søndag 20/10 var dei som vart konfirmerte i 1934 inviterte særskilt til gudstenesta i Ytre Arna kyrkje. Og invitasjonen vart godt motteken — dei kom reisande både frå Amerika, Trøndelag og Sørlandet.

Det var ein liten klasse det året,

slik at dei vart ikke så mange, og fleire i klassen var og gått bort. Men ei fin samling var det, og dei 7 som kom, hadde ein hyggeleg og lang dag saman i kyrkjelydshuset etter gudstenesta.

Her er bilete av deltakarane:

adress til 50-års konf.

Amerika

Ytre Arna

Kristiansund

Ytre Arna

Trøndelag

Platbrev (Arna)

## Forts. fra s. 1.

meloditilfanget har også auka. I dei siste åra har vi under gudstenestene brukt «Salmer 1973» og ark i tillegg til salmeboka, men det vert det slutt på no.

Om Nynorsk Salmebok no ikkje er i bruk lenger vil det ikkje seia det same som om salmane der er borte. Dei fleste salmane som var i bruk er kome med, og 40 % av salmane i «Norsk Salmebok» er på nynorsk. Nokre av salmane må me no kanskje syngja på bokmål, men det vil og verta mange høve der dei før hadde Landstads salmebok, no må syngja nynorske salmar. Då ein skulle laga ny salmebok var det mange omsyn å ta, men truleg vil det verta brukt meir nynorske salmar i kyrkjene no enn før om ein ser heile landet under eitt. Den nye salmeboka vil og verka fornyande på salmesongen i kyrkjene.

### INNSAMLING TIL SAMLEBØKER

For at vi skal kunna ta salmeboka i bruk, må vi og ha salmebøker utlagt i kyrkjene. Bergen kommune har av pengane på kyrkjebudsjettet dette året gjeve 50 bøker til kvar kyrkjelyd. Men det er mykje for lite til at vi kan ha nok bøker til alle gudstenestene i året. Sokneråda har difor gjort vedtak om å ha innsamling til bøker i kyrkjene, og ved dette bladet ligg ein postgiroblankett som kan brukast til det. Vi vonar mange vil vera med å gje ei gåve slik at vi får nok bøker i kyrkjene. Kvar bok kostar kr. 120.


Det vil vera lite hyggeleg å koma i kyrkja og ikkje finna salmebok. Til vi får nok salmebøker kan det jo og gjerast slik at ein kjøper seg ei bok og tek med seg når ein er i kyrkja. Det er ikkje kvar dag vi skiftar salmebok i kyrkja — nesten 60 år sidan sist, og når vi no gjer det, er det og naturleg «å ta eit tak» saman for å få dei nye bøkene på plass.

### SALMEBOKA SOM JULEGÅVE?

Ja, kvifor ikkje? Boka er fin å ha, og den skulle ha sin naturlege plass i heimane.

Salmane gjev uttrykk for mykje

livsrøynsle og kva trua og kristen kunnskap er, og med den nye salmeboka er språkformen og innhaldet kome nærare vår tid. Difor er det også fint å kunna bruka salmeboka for seg sjølv heime.



**HJELLE'S**  
bakeri og konditori

**ESPELAND**  
Telefon 24 01 30

SEIMSMARK · telefon 24 05 71  
MANNVERK · telefon 28 07 34  
YTRE ARNA · telefon 24 88 30

TIL HVERDAG OG FEST  
HJELLE'S HJEMMEBAKST SMAKER BEST

**BLOMSTER**

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

**24 25 95**

ÅPNINGSTIDER

Mand. til onsd.	9.00-17.00
Torsd. og fred.	9.00-19.00
Lørdag	9.00-14.00



**a.s. Sarepto**

5260 Indre Arna

**I MIN FORRETNING**

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



**Kleiveland**

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands**  
**Blomsterforretning**  
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

**Solstrand**  
**Begravelsesbyrå**  
Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50  
Alltid til tjeneste

**EPELAND**  
**GARTNERI**

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

Banken i Arna frå 1866

**SPAREBANKEN**



**VEST**  
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har lavaste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

**ARNA ELKJØP A/S**

Ytre Arna — telefon 24 81 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP



**VESTLANDSBANKEN**

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

**VESTLANDSBANKEN,**  
avd. Arna

**EPELAND**  
**BEGRAVELSESBYRÅ**

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløfer. Monumenter besørages oppsatt.



Aut. bilverksted  
Aut. dekkforhandler

**GODE TILBUD**  
**PÅ DEKK OG**  
**REKVISITA!**

**GOD SERVICE —**  
**RIMELIGE PRISER —**  
**HYGGELIG MILJØ!**

Velkommen til vår bensinstasjon!

**Arnatveit Auto Senter**  
**J.B. Myklestad**  
5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40



**NOROL**

# Velkommen til kyrkje

- 10/11 Arna kl. 11.00. Pastor Øyvind Kvarstein. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarb. Sundagsskule.  
Arna kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste v/vikarprest Helgesen.  
Ytre Arna kl. 11.00. Vikarprest Helgesen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarb.
- 17/11 Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Muhamedanermisjonen. Kyrkjekaffi. Sundagsskule.  
Ytre Arna kl. 11.00. Vikarprest Helgesen. Takkoffer til dei fire diakoniinst. Kyrkjekaffi.
- 24/11 Arna kl. 11.00. Vikarprest Helgesen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Sundagsskule.  
Tren gereid kl. 11. Akademilektor Sigurd Vengen. Takkoffer til NLA.
- 01/12 Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste v/vikarprest Helgesen. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Arna kl. 19. LYSMESSE.  
Ytre Arna kl. 11. Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Institutt for kristen oppseding. Kyrkjekaffi.  
Ytre Arna kl. 19. LYSMESSE. Res.kap. Sundsbø.  
Unneland kl. 16.30. LYSMESSE. Vikarprest Helgesen.
- 8/12 Arna kl. 11.00. Forstandar Audun Tang. Nattverd. Takkoffer til dei fire diakoniinst. Sundagsskule.  
Ytre Arna kl. 11.00: Vikarprest Helgesen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarb.

## SØNDAG ER KYRKJEDAG

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.  
Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Kåre Kvalvåg.  
Forretningsfører: Bjørg Hellesey.  
Bladpengar: kr. 30.-.  
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.  
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

### ARNA PRESTEGJELD

Kyrjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.  
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30  
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.  
Kyrjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39: Tlf.24 85 46.  
Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.  
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.  
Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

Frist for innlevering av stoff til nr. 10: 15. nov.